

Årsmelding for Arnafjord Sokn 2021

Året 2021 vart og noko annleis i kyrkja, med ein del restriksjonar pga Covid, og utan gudstenester i påska. Alle som var til stades i gudstenestene vart registrerte med namn og telefonnummer.

Utdrag frå statistikken.

		Antal	Deltakarar
	Gudstenester i alt 2021	8	130
	Gudstenester m nattverd	2	9
29.08.	Konfirmasjonsgudsteneste, 1 konfirmant	1	25
31.10.	Allehelgens gudsteneste	1	19
	Gravferder	2	44
	Offer og kollekt	5742 kr	
	Offer til eiga verksemd	529 kr	
	Ikkje vigsle eller dåp i kyrkja dette året.		

Gudstenestedatoar i 2021, alle på sundagar, vart halde på følgjande datoar.

6. februar, 14. mars, 27. juni, 29. august, 3. oktober, 31. oktober, 12. desember og 25. desember. Dei fleste gudstenestene vart halde kl 16.

Det var størst frammøte 1. juledag kl 16. Prest Rasmus CB Rustad. Organist Dora David. Soknepresten var ute i permisjon store deler av året. Geir Sørebo var vikar.

28.04. Dugnad på kyrkjegarden.

28.09. Felles soknerådsmøte i Vik.

Drøfting av omorganiseringa av Den norske kyrkja.

03.11. Soknerådsmøte i kyrkja, kl 17.00 – 19.30

Geir Sørebo var med på møtet.

Soknerådet sende svar på høyring om organisering av kyrkja.

Ingvar Vangsnes slutta som kyrkjevevjerje. Han er no pensjonist. Marit Johanne Andersen er tilsett som ny kyrkjevevjerje.

Takk for godt samarbeid mellom soknerådet og kyrkjekontoret i 2021.

Me håpar på meir normale tider framover, no som pandemien er på retur.

Arnafjord 5. mars 2022

Ola Engum